

SUNDAG

Morgonbøn (Laudes)

INNGANG

L Herre, lat opp mine
lepper!

A Så min munn kan
lovprisa deg.

L Ære vere Faderen
og Sonen og Den
Heilage Ande,

A no og alltid og i alle
æver. Amen.

SONG

Sal 93

I Herren råder, * han
har kledd seg i høgd.

II Herren har kledd seg
og bunde om seg med
styrke. * Ja, jorda står
fast og rikkest ikkje.

I Fast står di trone frå
gammal tid, * frå æva
er du.

II Straumar har lyft
opp, Herre, strumar

har lyft opp si røyst, *
straumar har lyft opp
sine brusande bylgjer.

I Herlegare er Herren
i det høge enn røysta
av mange vatn, *
havsens mektige
brenningar.

II Dine vitnemål er fullt
stadfeste. Heilagdom
sømer seg for ditt
hus, * Herre, til
dagane får ende.

I Ære vere Faderen
og Sonen og Den
Heilage Ande,

II no og alltid og i alle
æver. Amen.

Sal 148

I Halleluja! Lova
Herren frå himmelen,
* lova han i det høge!

II Lova han, alle hans
englar! * Lova han,

- heile hans hær!
- I Lova han, sol og måne! * Lova han, alle lysande stjerner!
- II Lova han, de himlars himlar, * og de vatn som er over himlane.
- I Dei skal lova Herrens namn, * for han baud, og dei vart skapte.
- II På deira stad sette han dei for all tid, for evig. * Han gav ei lov som ingen av dei bryt.
- I Lova Herren frå jorda, * de store sjødyr og alle djup,
- II eld og hagl, snø og skodd, * stormvinden som set hans ord i verk,
- I de fjell og alle haugar, * frukttre og alle sedrar,
- II de ville dyr og alt fe, * krypdyr og flygande fuglar,
- I de kongar på jorda og alle folk, * fyrstar og alle domarar på jorda,
- II unge menn og møyar, * gamle saman med dei unge!
- I Dei skal lova Herrens namn, for berre hans namn er opphøgt. * Hans herlegdom er over jord og himmel.
- II Han har lyft opp eit horn for sitt folk til ein lovsong for alle sine fromme, * for Israels born, det folket som er han nær. Halleluja!
- I Ære vere Faderen og Sonen og Den Heilage Ande,
- II no og alltid og i alle æver. Amen.
- Sal 149,1-4.6; 150*
- I Halleluja! Syng ein ny song for Herren, * lovsyng han der dei fromme samlast!

- II Lat Israel fagna seg i
sin skapar, * og Sions
born fryda seg i sin
konge!
- I Dei skal lova hans
namn med dans,
* lovsyngja han til
pauke og sitar.
- II For Herren har
hugnad i folket sitt,
* han pryder dei
spaklyndte med
frelse.
- I I deira munn er det
lovsong til Gud, *
og eit tvieggja sverd i
deira hand.
- II Halleluja! Lova Gud
i hans heilagdom,
* lova han i hans
mektige kvelv!
- I Lova han for hans
veldige verk, *
lova han for hans
stordoms velde.
- II Lova han med klang
av basun, * lova han
med harpe og sitar!
- I Lova han med pauke
og dans, * lova han
med strengeleik og
fløyte!
- II Lova han med
tonande cymbalar,
lova han med høgt
klingande cymbalar!
* Alt som har ande,
skal lova Herren!
Halleluja!
- I Ære vere Faderen
og Sonen og Den
Heilage Ande,
II no og alltid og i alle
æver. Amen.
- TEKST *Op 7,10b.12*
Frelsa høyrer vår
Gud til, han som
sit på trona, og
Lammet. Velsigninga
og herlegdomen og
visdomen og takken
og æra og makta og
styrken høyrer vår
Gud til i all æve!
Amen!
- STILLE BØN

VEKSELLESING

- L Herren har stått opp
av grava.
- A Halleluja, halleluja.
- L Han som hang på
krosstreet for vår
skuld.
- A Halleluja, halleluja.
- L Ære vere Faderen
og Sonen og Den
Heilage Ande.
- A Herren har stått opp
av grava, halleluja!

SONG

SAKARJAS LOVSONG

- I Lova vere Herren,
Israels Gud, * fordi
han såg til folket sitt
og løyste det ut!
- II Han reiste eit horn
til frelse for oss * i sin
tenar Davids hus,
- I slik han frå gammal
tid av har tala *
gjennom munnen åt
dei heilage profetane
sine
- II – ei frelse frå fiendane
våre * og hendene
på alle dei som hatar
oss,
- I for å gjera miskunn
mot fedrane våre *
og koma i hug den
heilage pakta si,
- II den lovnaden han
med eid gav * til vår
far Abraham,
- I om å fri oss or
hendene på fiendane
våre * og gje oss å
tena han
- II utan otte i heilagdom
* og rettferd for hans
åsyn alle våre dagar.
- I Og du, barn, skal
kallast profet for Den
Høgste. * For du skal
gå fram føre Herren
for å rydja vegane
hans,
- II for å læra folket hans
å kjenna frelsa, * at
syndene deira vert
tilgjevne,
- I på grunn av vår Guds

- inderlege miskunn, *
 som lét solrenning frå
 det høge gjesta oss,
 II for å lysa for dei
 som sit i mørker og
 dødsskugge, * for å
 leia føtene våre inn på
 freds veg.
 I Ære vere Faderen
 og Sonen og Den
 Heilage Ande,
 II no og alltid og i alle
 æver. Amen.

BØN

- L Herren Jesus er midt
 imellom oss.
 A I hans namn vil vi be.

(STILLE ELLER
 FRI BØN)

- L Far, ved din veldige
 herlegdom reiste du

Kristus opp frå dei
 døde og sette han
 ved di høgre hand
 i himmelen. Gjev
 hjarto våre opplyste
 augo, så vi kan skjøna
 kva for von du har
 kalla oss til, kor rik
 på herlegdom din
 arv er mellom oss og
 kor overvettes stor
 di makt er for oss
 som trur. Ved Jesus
 Kristus, vår Herre.

A Amen.

HERRENS BØN

VELSIGNING

- L Herren velsigne oss
 og vare oss og føre oss
 til det evige livet.
 A Amen.

Gjennom dagen

INNGANG

- L Herre, lat oss sjå di
miskunn,
A og gjev oss di frelse!
L Ære vere Faderen
og Sonen og Den
Heilage Ande,
A no og alltid og i alle
æver. Amen.

SONG

Sal 119,1-7

- I Sæle er dei som
fylgjer vegen åt dei
ærlege, * som ferdast i
Herrens lov.
II Sæle er dei som
tek vare på hans
vitnemål, * som
søkjer han av heile
sitt hjarta,
I og ikkje gjer urett, *
men vandrar på hans
vegar.
II Du har gjeve dine

påbod * for at ein
skal halda dei vel.

- I Å, at mi ferd måtte
verta stø, * så eg held
dine føresegner!
II Då skal eg ikkje verta
til skammar, * når
eg aktar på alle dine
bod.
I Av eit ærleg hjarta vil
eg prisa deg * når eg
lærer å kjenna dine
rettferdige domar.
II Ære vere Faderen
og Sonen og Den
Heilage Ande,
I no og alltid og i alle
æver. Amen.

TEKST *Ef 2,4-6*

Men Gud som er
rik på miskunn, har
for sin store kjærleik
skuld, som han
elska oss med, gjort
oss levande med

Kristus, vi som var
døde på grunn av
misgjerningane våre.
Av nåde er de frelste.
Han vekte oss opp
med han og sette oss i
himmelen med han, i
Kristus Jesus.

STILLE BØN

VEKSELLESING

- L Dette er dagen som
Herren har gjort.
A Lat oss fryda oss og
gleda oss på han!
L Dette er dagen som
Herren har gjort.
A Av nåde er vi frelste.

BØN

- L Herren Jesus er midt

imellom oss.

- A I hans namn vil vi be.
L Herre, einast du gjev
oss liv, liv i overflod.
Vi takkar deg at du
berga oss frå dødens
velde og har leia oss
inn i ditt underfulle
rike. Fyll oss med
din Ande, så våre
liv kan verta teikn
på kjærleiken frå
Faderen.
A Amen.

VELSIGNING

- L Må Guds fred, som
går over all forstand,
vara våre hjarto og
tankar i Kristus Jesus.
A Amen.

Aftanbøn (Vesper)

INNGANG

- L Gud, kom og berg
meg.

- A Herre, skund deg og
frels meg!
L Ære vere Faderen